

Saksbehandlar: Einar Atle Årdalsbakke, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 18/8015-7

## **Søknad om fornying av ruteløyve for Sognebussen**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

Nettbuss AS får ruteløyve på strekninga Sogndal – Flåm - Voss – Bergen etter desse vilkåra:

- a) Løyvet gjeld i 10 år frå 01.03.19 til 01.03.29.
- b) Krav til god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- c) Endringar i takstar og rutetilbod skal godkjennast av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune.
- d) Det er ikkje tillate å utføre lokaltransport på strekninga frå Bergen sentrum til Indre Arna.
- e) Turvognløyve i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll.

### **Vedlegg:**

Søknad frå Nettbuss AS

### **Andre relevante dokument i saka:**

Yrkestransportlova med forskrift

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

I søknad frå Nettbuss AS, datert 11. september 2018, blir det søkt om fornying av ruteløyve nummer 14 06 2073 (Sognebussen). Ruteløyve vart innvilga til Nettbuss AS 1. juli 2007, for strekninga Sogndal – Flåm - Voss – Bergen, med gyldigheit fram til 1. juli 2017. Ruta vart kommersiell frå sommaren 2016 etter eige ønske frå bl.a. Nettbuss AS.

Frå Sogndal har ruta 4 avgangar på yrkesdagar måndag – fredag, 2 avgangar på laurdag og 4 avgangar på søndag.

Frå Bergen har ruta 4 avgangar på yrkesdagar måndag – fredag, 3 avgangar på laurdag og 3 avgangar på søndag.

Løyvet var gyldig til 01.07.2017, med dispensasjon fram til nytt løyve er vedteke.

Nettbuss AS har søkt om å få fornya løyvet for 10 nye år.

### **Andre opplysningar**

Nettbuss Travel AS endra firmanamn frå 1. januar 2019 til Nettbuss AS

## **2. Høyring/ fråsegn til søknad**

Søknaden frå Nettbuss AS om fornying løyve vart pr. brev den 18. september 2018 sendt på høyring til Hordaland fylkeskommune.

I e-post frå Hordaland fylkeskommune, datert 4. januar 2019, fekk Sogn og Fjordane fylkeskommune følgjande fråsegn frå fylkesutvalet til Hordaland fylkeskommune vedr. fornying av ruteløyvet:

*«Fylkesutvalet rår til at søknaden frå Nettbuss AS om fornya ruteløyve for strekninga Bergen – Voss – Aurland – Sogndal vert imøtekommen, på vilkår av at det ikkje vert utført lokaltransport på strekninga Bergen sentrum – Indre Arna.»*

## **3. Økonomiske konsekvensar**

Selskapet Nettbuss AS søker ikkje om økonomisk støtte til drift av denne ruta.

## **4. Vilkår**

Utover dei generelle vilkåra om god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse fastsett i yrkestransportforskrifta § 4, kan løyvestyresmakta med heimel i § 5 setje nærare vilkår for løyvet.

Det skal også vere eit vilkår at turvognløyvet i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll, jamfør føresegnene om kontrolldokument i yrkestransportforskrifta § 13.

Dersom fylkeskommunen på eit seinare tidspunkt finn det naudsynt med fleire vilkår, eller at det er trong for å endre nokon av vilkåra vedteke i denne saka, kan dette gjerast med heimel i yrkestransportforskrifta § 5.

Følgjande vilkår stillast til ruteløyvet: *det kan ikkje utførast lokaltransport på strekninga Bergen sentrum – Indre Arna.*

## **5. Vurdering**

Nettbuss AS har lagt fram alle påkravde attestar frå kemner, skatt, Brønnøysundregistra, samt politiattest utan merknadar. Nettbuss AS oppfyller dei lovpålagde krav som er stilt i *Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova)* med tilhøyrande forskrift.

I følgje Yrkestransportlova § 27. 3. ledd, står det følgjande:

*«(3) Behovsprøvde løyve etter §§ 6 og 7 gjeld i ti år.*

*(4) Departementet kan i løyvetida gjere endringar i forskriftene for løyvepliktig verksemd og i vilkår som er sette for eit løyve. Vil løyvehavaren ikkje halde fram med drifta på dei nye vilkåra, skal han få ei rimeleg tid til å leggje ned verksemda.»*

Vi er ikkje kjend med andre tilhøve som gjer at løyve for persontransport med motorvogn i rute, i denne samanheng, ikkje bør tildelast.

## **6. Konklusjon**

Fylkesdirektøren rår til at Nettbuss AS får fornya ruteløyve for persontransport for bussruta NX 450 på strekninga Sogndal – Flåm - Voss – Bergen, med for 10 nye år.

Følgjande vilkår stillast til ruteløyvet: *det kan ikkje utførast lokaltransport på strekninga Bergen sentrum – Indre Arna.*